

Hei

Kommunen har oppretta sak 20/15960 – 21/60645 på vedlikeholdsarbeidet 84/4 utførte på gardsvegen fram til utmarksgjerdet i samband med flyttinga av foringsplassen for beitedyr .

Dette utmarks gjerde er no også grensegjerde mellom 84/25 og 84/4

Etter å ha fått innsyn i kommunens brev til Nils Gullak Kvalvågnes av 15.09.2021 er det litt vanskelig for oss å vite akkurat kva område av "parkeringsplassen" kommunen meiner må tilbakeføres.??

Når det gjeld opprusting av gardsvegen fram til utmarksgjerdet så er ikkje den nemnd i brevet.

Denne veibiten syner og på kartet som følgde byggjesaka til gnr 84/4 og er merka her som "gardsveg". (sjå vedlegget).

Vegen er mykje eldre enn det også, siden den var nytta som tilkomst til foringsplassen for beitedyra som gjekk i utmarka lenge før hyttefeltet var påkome.. Den var også nytta som transportveg for hyttebygginga i Mikkelvågen frå tidleg på 1970 talet ,og eigarane av dei fire hyttene der har ferdsselsrett på denne vegen i sine skøyte. Gardsvegen for brukta 84/1,2,4 og 33 frå kommunal veg og fram til og med snuplassen ved hyttefeltet i Mikkelvågen vart ferdig oppgradert til bilvegstandard hausten 2008 (sjå vedlagt rapport til Odd Gjerde om dette).

Byggesaksavdelinga har i sitt pålegg ikkje nemnt desse faktum, og heller ikkje at gardsvegen er teikna inn på situasjonsplanane i målesstokk 1:5000 og 1:1000 vedlagt byggesøknadane for hyttene i for hyttefeltet i Mikkelvågen. Sidan vegetilkomsten over 84/4 sin gardsveg er også er synt i byggesaka til 84/25 og kommunen har gitt avkjørselløyve til 84/25 alt i 1978, reknar eg med at tilkomsten alt var godkjent då og difor ikkje treng ny godkjenning no. Dette var opplysningar vi fekk frå tidligare eigar av 84/25 og Nils Gullak Kvalvågnes. Dette var grunnen til at vi trekte søknaden 21/1466 – 21/18854.

Er det ulovleg for oss å kjøre på 84/4 sin gardsveg fram til egen tomt??

I skjøte til 84/25 av 09.12.1977 står det at kjøper har vegrett på gårdsveg til hyttetomt. (ref.vedlegg)

Grunneigar 84/4 kjem til å stenga området for parkering for alle som må nytta hans grunn for å parkera ,slik kommunen krev.

Ferdsselsretten har alle i behald slik eg forstår kommunen.?

Om vi ikkje får grønt lys frå kommunen for at tilkomsten over 84/4 sin gardsveg til vår tomt , står vi uten parkering. Tidlegare eigar av 84/25 og Nils Gullak Kvalvågnes er overtydd om at dette vart godkjent som tilkomst i samband med byggesaksbehandlinga for 84/25 i 1978 (sjå vedlagde kart og godkjenning av avkjørsel frå kommunal veg).

Vi har tidligere ikkje brukt vegen dei siste 20 meterne då vegen har vert dårlig og gjengrodd.

Håper vi kan få noen innspill og oppklaringer i denne saken.

På forhånd takk.

Mvh. Eli Merethe Hjortland

Vedlegg: 6